

Melding for Vener av Mjøsvågen for 2014, 2015, 2016 og til og med sommarsesongen 2017

Godkjend

20.11.17



Foto: Bjørn Ottosen

Her er programma for sesongane 2014, 2015, 2016 og 2017

I 2014 er sommarsesongen frå 24.5. til 14.9.2014. Fast opningstid er søndagar kl 14.00 - 18.00 Me har også open kafe for fredagsmiddag nokre gongar hausten 2014.

Laurdag 24. mai kl.14-18 Sesongopning i Mjøsvågen:
Mjøsvågen Kafe, Hosanger Treskoverkstad.

Norlender på Kisteloftet

Utstillingsopningar i Galleri Mjøsvågen:

- Per Helge Hansen: Maleri
- Lucie Ellingsen: Maleri og keramikk

Utstillingsopning i kafeen:

- Brigitte Berta Scmidt

Sundag 25. mai kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 1. juni kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 8. juni kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 15. juni kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Asbjørn Kristoff frå BT: "Er kunst noko for strilar, då?"

i Mjøsvågen Kafe kl.18.00

Sundag 22. juni kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 29. juni kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 6. juli kl.14-18 Utstillingsopningar i Galleri Mjøsvågen:

- Hans Kristian Bukholm i samarbeid med Havråtunet: Foto "Historia frå 1814-2014 - fordeling av ressursar".

- Anne Stinesen: Todimensjonale verk

Musikkinnslag v/ Anette Thorsheim

Sundag 13. juli kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Quiz i Kafeen kl.18.00. Kr.20,-/deltaker.

Max 5 pr.lag

Sundag 20. juli kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Foredrag v/ Marit Adelsten Jensen frå Havråtunet om utstillinga i Galleriet kl.15.00

Sundag 27. juli kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 3. aug kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Torsdag 7. aug Teiknekurs: Akt m/ Karin Hay White

Sundag 10. aug kl.14-18 Utstillingsopningar i Galleri Mjøsvågen:

- Karin White Hay: Maleri og teikning

- Tone Boska og Kjersti Sletteland: arbeid i porselen

Utstillingsopning i Kafeen:

- Magnhild Hylleseth: maleri

Fredag 15. aug kl.18 Utstillingsopning i det gamle lokalet til Tysse Mek.

Verksted (ved fylkesveg 567 eit par km før ein kjem til Tyssebotnen):

FABBRIKKERT v/ Løvaas & Wagle, Wenche Kvalstad Echhoff,

Mona Nordaas, Kirsti Van Hoegee, Else Karin T. Bysheim.

Fotodokumentasjon: Oddleiv Apneseth.

Kurator: Kjell-Erik Ruud

Sundag 17. aug kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 24. aug kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 31. aug kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 7. sept kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Sundag 14. sept kl.14-18 Sundag i Mjøsvågen

Utstillingsopning i Kafeen:

- Raila Nonås: "Hjort er hjort"

Middag denne sundagen vert hjortegryte

Fredag 3. okt kl.17-20 Fredagsmiddag i Kafeen

Foredrag v/ Raila Nonås "Hjort er hjort" kl.19.00

Fredag 7. nov kl.17-20 Fredagsmiddag i Kafeen

Foredrag v/ Berti Ophus: Foto kl.19.00

Fredag 5. des kl.17-20 Fredagsmiddag i Kafeen

I 2015 var sommarsesongen frå 30.5. til 13.9.2015! Fast opningstid var søndagar kl 14.00 - 18.00 Me hadde også open kafe for fredagsmiddag den første fredag kvar månad hausten 2015.

- Laurdag 30.mai kl.14-18 **SESONGOPNING I MJØSVÅGEN KL.14**
Mjøsvågen Kafe, Hosanger Treskoverkstad. Norlender på Kisteloftet
1. utstillingsperiode - opning:
- **Eli Veim:** Porselensarbeid - Galleri Mjøsvågen
- **Toril Meisingset:** Foto & fotocollage - Galleri Mjøsvågen & Kafeen
- Sundag 14.juni kl.17 **Foredrag v/ Eli Veim i Galleriet:** Mellom lys og skugge.
Bakgrunn for utstillingen, om dei utstilte arbeida.
- Laurdag 4.juli kl.14-18 **2. utstillingsperiode - opning kl.14**
- **Hedvig , Dag og Ivar H. Thorkildsen:** 3 uttrykk, 3 generasjoner i Galleri Mjøsvågen
- **Eva Meier:** Maleri - Kafeen
- Sundag 5.juli kl.18 **QUIZ i Treskoverkstaden**
- Tysdag 7.juli **FARGEJAKT** - kunstdag for barn og unge. Meir informasjon kjem. Følg med under Kurs og aktiviteter.
Vegen vidare. Fotoutstilling utandørs på treskoverkstadveggen. Foto; Lars Mjøs. Redigering og produksjon; Helge Johnsen
- Veke 29
- Laurdag 8.august kl.14-18 **3. utstillingsperiode - opning:**
- **Richard Devereux:** Bilder, eigen teknikk - Galleri Mjøsvågen
- **Gunvor Rasmussen:** Trykk - Galleri Mjøsvågen
- **Janne Olsen:** Foto - Kafeen

I 2016 er sommarsesongen frå 4.6. til 21.8.2016! Fast opningstid er søndagar kl 14.00 - 18.00 Me har også open kafe for fredagsmiddag den første fredag kvar månad hausten 2016.

OPE I MJØSVÅGEN KVAR SUNDAG KL.14.00 - 18.00 I PERIODEN 5.6 - 21.8

Laurdag 4.juni kl.14-18 Sesongopning i Mjøsvågen: Galleri Mjøsvågen, Mjøsvågen Kafe,

Hosanger Treskoverkstad, Norlender på Kisteloftet

1. utstillingsperiode - opning:

- **Gerd Frantzsen** Maleri - Galleri Mjøsvågen
- **Maria Almås** Frantzsen Glasskunst - Galleri Mjøsvågen
- **Sigfrid Sannes** Smykker - Galleri Mjøsvågen

Sundag 19.juni kl.14-18 Opning av utstilling i Kafeen:

- **Josef Fessl** - Maleri

Sundag 26.juni kl.18 KONSERT M/ **MØHLENPRIS SPELEMANNSLAG** i Treskoverkstaden.

Billettsal i døra, kr.150,- .

Laurdag 16.juli kl.14-18 2. utstillingsperiode - opning:

- **Sveinung Iversen** Trykk - Galleri Mjøsvågen
- **Hannuh Konttinen** Skulpturer - Galleri Mjøsvågen

Sundag 24.juli kl.14-18 - Sigrid Kaland Maleri

Sundag 7.august kl.18 QUIZ i Treskoverkstaden. Kr.20,-.

Sundag 14.august kl,18 FORTELJARKVELD "Ein kveld med gode historier"

Sundag 21.august kl.18 Konsert med **Tor-Magnus og Bandittene** i Treskoverkstaden

I 2017 er sommarsesongen frå 25.6. til 13.8.2016. Fast opningstid er søndagar kl 14.00 - 18.00

Utstillarar i Galleri Mjøsvågen:

Anne-Berit Lerøy – grafikk

Siren Blaauw - skulptur og maleri

I Galleributikken:

Sarah Reed – Porselenskeramikk

Augon Johnsen – trykk

Beda Maria Johanson – glass

Cathrine Bysheim – smykker

Norlender Knitwear – Strikk

Marta Nerhus – Metallkunst

2 søndagar i perioden vil det verta Malarverkstad for barn på kisteloftet. Følg med på Facebook og www.gallerimjosvagen.no der vil datoar for Malarverkstad m.m. verta annonsert.

Øvrige aktivitetar

Liv og lyst i Hosanger 2011 -2014

Det vert vist til **eige sluttrapport** og til **eige sluttrekneskap**.

Dette er det største prosjektet Vener av Mjøsvågen nokon gong har gjennomført. Rekneskapan syner ein kostnad på nærare 1,2 mill kr. Prosjektet var finansiert med m.a. kr 300.000 i LivogLyst-midlar og kr 90.000 frå regionalt næringsfond for Osterfjord. Det vart dokumentert dugnadsinnsats (forsiktig rekna) på 4.187 timar. Prosjektstyre : Styreleiar (Lars Mjøs) og 1 prosjektstyremedlem (Veslemøy Gullachsen) oppnemnd av styret i Vener av Mjøsvågen. 1 prosjektstyremedlem frå Osterøy kommune (assisterande rådmann Jostein Førre). 1 prosjektstyremedlem oppnemnd av Mjøsdaalen grendaråd (første året Kjell Mjøs – deretter vakant). Prosjektleiar var kulturvitar Åse Nilssen.

Osterøy kommune ved Vener av Mjøsvågen/ LivOGLyst i Hosanger fekk ei løyving på kr 25.000 frå Hordaland fylkeskommune til **Eldsjelprosjektet: «Mellom kultur og natur – Hosangerbygda som innovasjonsalmenning»**

(LUK-midlar: LokalsamfunnsUtvikling i Kommunane).

Dette vart sluttrapportert medio 2014:

- Bakgrunn for prosjektet:

Bakgrunnen for søknaden er oppgåva i samfunnsentreprenørskap "Mellom kultur og natur – Hosangerbygda som innovasjons-allmenning", frå våren 2012. Prosjektgruppa har tidlegare delteke i kurset «Design i identitetsbygging og prosjektutvikling» ved Scandinavian Surface. Dei gjorde oss merksame på potensialet som ligg i den vakre og dramatiske Kossdalen, med alle sine tilhøyrande segn og historier.

- Mål for prosjektet:

Prosjektgruppa søkte om midlar til utarbeiding og innsamling av dokumentasjon som underlag for skilting slik at dei unike historiene knytte til Kossdalen og Kossdalssvingane vert tilgjengelege. Det er planlagt rasteplassar. Marknadsføring av området er særskild viktig. Det er gjennomført rydding av vegetasjon. Arbeidet er gjort som eit delprosjekt i, og som ein integrert del av LivOGLyst i Hosanger.

- Oppnådde resultat:

1. Det er laga eit stort oversiktskart med turløyper i Kossdalen m.m. Kartet heng på smieveggen i Mjøsvågen.
2. Det er planlagt rasteplassar med grindabygg og benkar og bord. Dette er ikkje på plass enno pga mangel på midlar.
3. Rydding og hogst av skog m.a. med bruk av traktor med vinsj på nedsida av Kossdalsvegen på bruk 89/5 slik at det er blitt mogeleg å sjå ned til vatnet. Utført ved Sondre Mjøs, Aslaug Lønsethagen og Lars Mjøs.
4. I samarbeid med idrettslaget i Mjøsdaalen utarbeider me skilting og merking av Kossdalen.
5. I Vener av Mjøsvågen sin foldar over aktivitetar er Kossdalen grundig

presentert. I tillegg er Vener av Mjøsvågen meldt inn i Bergen Reiseliv der Kossdalen også er presentert.

• Eventuell vidareføring av prosjektet:

1. Rasteplassar med grindabygg og bord og benker.
2. Skilting og merking vil skje i løpet av våren/sumaren 2014

Det nasjonale programmet LUK (lokal samfunnsutvikling) fekk i 2014 utarbeidd 5 korte **videoar** med gode råd for effektiv lokal samfunnsutvikling. Jorun Gjörvad i Hordaland fylkeskommune foreslo at Vener av Mjøsvågen skulle illustrere «Skap arenaer med tillitsfull atmosfære». Filmen er tilgjengeleg på Distriktssenteret;

<http://distriktssenteret.no/2014/10/08/fem-filmar-om-lokalt-utviklingsarbeid/>

Merking og gradering av turløyper

I 2013 fekk Vener av Mjøsvågen i samarbeid med Mjøsdalen idrettslag tilsegn frå «Merking og gradering av turløyper på Vestlandet» om **kr 50.000** til «**Merking av turløyper i og kring bygda Hosanger**». Dette gjeld Kossdalen, Åsheimveten og Tveitafjellet. Den 10.10.2013 fekk me utbetalt eit forskot på kr 37.500. Åse Nilssen vart engasjert som prosjektleiar og har utarbeidd tekst og fått utarbeidd kart for informasjonstavler. Idrettslaget har stått for produksjon og oppsetting av skilt, digital registrering av traseane og for rydding, opparbeiding av kloppar mm. Erling Revheim vart engasjert til produksjon av informasjonstavlene. Det er merka og gradert 3 løyper på til saman 22,4 km med 4 tavler og 41 skilt.

Arbeidet vart sluttrapportert pr 31.3.2015 og resterande kr 12.500 utbetalt 23.04.2015.

Vener av Mjøsvågen har betalt ut for løn og materiell kr 26.691. Det er dokumentert 329 dugnadstimar a kr 300; kr 98.700. Til saman kr 125.391. Idrettslaget sin del av tilskottet på kr 22.000 er ikkje utbetalt enda.

Mjøsvågen kafe

Vener av Mjøsvågen har i meldingsperioden stått for drifta av Mjøsvågen kafe. Somrane 2014, 2015 og 2016 vart maten kjøpt inn frå cateringselskapet Mjøsvågen Mat AS ved Else Røsland og Kari L Mjøs. Sjølve serveringa har Vener av Mjøsvågen stått for, i stor grad på dugnad. Maten har i stor grad vore basert på lokal og kortreist mat og gjestane har fått middagar av svært høg kvalitet. Ryktet har spreidd seg. Pågangen har vore så stor at det har skapt kapasitetsutfordringar både i å kunne lage opp nok på førehand og i å kunne klare å servere så mange kundar på kort tid. Både av denne grunn og av andre grunnar fann Else og Kari ut etter fullført sommarsesong 2016 at dei ville avslutte verksemda medan «leiken var god». Ved sida av leveransane til kafedrifta har Mjøsvågen Mat AS levert mat til slutta lag i kafeen og til andre kundar. Me i Vener av Mjøsvågen takkar Else og Kari på eigne og andre kundar sine vegne for stor innsats og mange gode samværs- og matopplevingar.

Vener av Mjøsvågen takkar huseigarane av kafeen/Maskinhuset (frå 2015 Magnus Mjøs) for at me får bruke huset og me takkar Else og Kari for alt dei og medhjelparar har gjort med innreiing og utstyr i kafeen som no er tilgjengeleg for nye konsept.

Den 31.03.2017 inviterte Mjøsvågen Mat AS vener og stamgjestar til og spanderte middag for avslutning av selskapet sitt engasjement for Mjøsvågen kafe. Leiar i Vener av Mjøsvågen sa under tilskipinga: «Som en takk, får dere hver deres blomsterbukett og en konvolutt der dere er invitert ut på en god lunsj, gjerne et sted hvor det Os'er. Og hvis dere har lyst, skal dere få skyss.»

Hausten 2016 og vinteren 2017 la me saman med Osterøy kunstlag ned eit ikkje ubetydeleg arbeid i å få nye til å stå for drift av kafeen. Me arbeidde lenge med eit par interesserte karar som ville drive både galleri og kafe. Men frampå ettervinteren vart det klart at dette ikkje vart noko av.

Astrid Tveiten godt assistert av Åse Nilssen m.fl. tok då initiativet til eit møte der dugnadsfolk vart inviterte. Godt over 20 personar møtte og mange teikna seg for dugnad til sommaren. Aase Nilsen, Solveig Hole og Johannes Bysheim vart valde som dugnadskomite. Det vart lagt opp til ope kafe i 8 skuleferie-sundagar. Arbeidet vart hovudsakleg utført gjennom 4 kokkelag som tok ansvar for 2 sundagar kvar. Ambisjonane auka frå servering av enkle supper til middagar av høg kvalitet. Dette gav også kundane svært gode matopplevingar. Kafeen er ein god møteplass for folk frå mange kantar. Etter fullført sesong spanderte Osterøy kunstlag ein dugnadsfest i kafeen og mange sa seg intereserte i å vere med også komande sommar. Overskottet på ca kr 58.000 vert fordelt likt mellom Osterøy kunstlag og Vener av Mjøsvågen.

Innsamling og registrering av arkivmateriale.

Lars Mjøs har lenge visst at det på kisteverkstadloftet på bruk 89/5 var nokre kassebøker og ein del bilag frå landhandelen som bestefaren og tanta dreiv. Då dette vart henta ned vinteren 2016/17, synte det seg å vere 7 store kasser med dokument; og ikkje berre frå landhandelen, men og mykje anna familien har drive med frå 1909 -1947 (og litt tilbake til ca 1895). Aslaug Lønsethagen, Åse Nilsen og Lars Mjøs har gått gjennom alt dette og registrert og systematisert. Etter at eigarane har henta ut den informasjonen som dei er interesserte i, vert arkivmateriellet arkivert hjå Osterøy museum.

Vener av Mjøsvågen søkte i 2017 Hordaland fylke om støtte og vart tildelt kr 10.000 med følgjande grunngjeving: "Det er positivt at de legg til rette for eit breitt lokalhistorisk engasjement gjennom samarbeid med lokalt sogelag og museum. Innvilga beløp er for div. dugnadsarbeid i samband med prosjektet". Tittelen på søknaden var: **"Innsamling og registrering av foto og arkivmateriale om næringsverksemd rundt Mjøsvågen."**

Treskofabrikken

Dei mest trufaste treskokarane; Jan Åge Rolland, Knut Hannisdal og Inge Rune Fanebust fann hausten 2016 ut at dei ville sule opp.

Det er veldig flott at Nikolai Rypdal Tallaksen i Osterøy museum har engasjert seg for å føre vidare det gode arbeidet som treskokarane har gjort og som dei ville dele før dei "sula opp" og at så mange har stilt opp på treskomakarkurs og no vidarefører aktiviteten. Og på våren 2017 klarte dei å få oppslaga på nrk TV både **Vestlandsrevyen** og **Norge rundt**; flott og imponerende.

Osterøy museum fekk i 2016 kr 10.000 frå Hordaland fylke til **dokumentasjonsprosjekt** for treskoverkstaden. Så no er produksjonsprosessane dokumenterte med både bilete, videoar og tekst og ein video er lagt ut på heimesida til Museumssenteret i Hordaland: (<https://vimeo.com/224280290>).

Før jul 2014 og 2015 inviterte treskokarane, tradisjonen tru, til julebord med lutafisk og hyggjeleg samver.

Næringssoge for Mjøsdalen

Vener av Mjøsvågen har invitert Osterøy sogelag med Geir Kleiveland i spissen til å samarbeide om å lage ei næringssoge for Mjøsdalen.

Me er komne langt med denne næringssoaga som Osterøy sogelag vil gje ut. Geir Kleiveland er så godt som ferdig med manus som no er på 50-60 tekstsider (før me legg til bilete, biletetekstar og illustrasjonar). Me arbeider no med å "kvalitetssikre" teksten og med litt suppleringar. Boka vil bli rikt illustrert med mykje bilete. Me har fått samla mykje eldre foto og nyare foto. Og Lars Mjøs er godt i gang med å fotografere utstyr og produkt (han har m.a. laga seg eit "fotostudio" i kisteverkstaden) og har no i vår teke bilete av alle bygg i bygda der det har vore næringsverksemd og har teke ein heil del ulike oversiktsbilete frå ulike vinklar og høgder. Lars Mjøs har og teke bilete av spor i landskapet; t.d. av vassdragsreguleringar. Sommaren 2017 kom han i kontakt med Bjørn Ottosen som på dugnadsbasis har teke mange flotte dronebilete av Mjøsvågen og området rundt. Bjørn Ottosen vil vere med Lars Mjøs og ta m.a. interiørbilete. Høgskulen på Vestlandet kjem med eit fagleg bidrag til boka og vil førehandskjøpe ein del bøker.

I 2016 fekk Vener av Mjøsvågen eit tilskot frå Hordaland fylke til arbeidet med boka på kr 10.000. Tilskot vart ytt m.a. som **stimulans til god, fagleg dokumentasjon, m.a. transskribering av delar av intervju som Åse Nilssen og Else Karin Bysheim har gjort med ca 15 eldre mjøsdølar og til gode illustrasjonar/ bilete.**

Desse utgjer redaksjonsnemnda for boka: Geir Kleiveland, Åse Nilssen, Aslaug Lønsethagen og Lars Mjøs. Nils M Hole har teke på seg jobben som korrekturlesar.

Den 13.11.2014 vart Vener av Mjøsvågen tildelt midlar til «**særskild vellukka LivogLystprosjekt**» med kr 45.000 til prosjekt **næringssoaga for Mjøsvågen.**

Aktivitetar: Dei spesifikke aktivitetane for denne søknaden er å få gjort fleire intervju som også må transkriberast. Samle inn ulike andre historiske kjelder, som bilete og anna. Sjølve arbeidet med skrivinga av næringssoaga. Trykking. Den 20.3.2017 søkte me og fekk forlenging av tidsramma til 1.5.2018.

I 2016 søkte Vener av Mjøsvågen Hordaland fylke om tilskott under «Handlingsprogram for næringsutvikling» til prosjektet: **«Nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Hosanger».** Hovedmål:

Nærings- og lokalsamfunnsutvikling i Mjøsvågen og Hosanger med næringsutvikling innan bustad/fritidsbustad, industri, skule, reiseliv, lokal mat frå småskalaproducentar, kultur og lokal kunst og kunsthåndverk i Mjøsvågen på Osterøy.

Delmål:

Å samkøyre dei 6 ulike planprosessane som er på gang for å skape ein mest mogeleg samla kraft for god utvikling som resulterer i utviding av Hosanger Montessoriskule, nytt areal for utviding og vidareutvikling av Mjøs Metallvarefabrikk AS, bygging av naust og kontor ved Refsneset og realisering av bustad- og hyttefelt på Hoshovdstølen og Heldal og med god og attraktiv tilgang til sjø for ålmenta.

Realisere flest mogeleg av tiltaka 1-11.

Dette var eit stort prosjekt med ei ramme på heile 3,43 mill kr.

Fylkeskommunen melde tilbake at dette var ein veldig godt utforma søknad/prosjekt, men den 10.2.2016 fekk me følgjande svar:

«Fylkeskommune merkar seg den positive utviklinga i Mjøsvågen og Hosanger innan næring – og lokalsamfunn som blant anna er resultat etter fleire år med oppfølging av LivOGLyst-programmet. Vi må diverre melde avslag på søknaden om økonomisk støtte til å samkøyre ulike planprosessar i utviklinga vidare. Vurdert i høve til tilgjengelege midlar er vi kome til at vi ikkje kan vere med på å finansiere prosjektet.»

Vener av Mjøsvågen vart vinteren 2016-17 invitert til eit kurs i digital forteljing i regi av Osterøy museum. Dette resulterte i ein **videosnutt** på ca 3 minutt med tittelen «**Mysteriet Maskinhuset ved Mjøsvågen**» laga av Sondre Mjøs og Lars Mjøs på. Åse Nilsen har arbeidd med ein video om Ostrakister.

Inge Svenheim gjorde i 2008 videopptak av **Kulturminnevandringa** ved Mjøsvågen i regi av Osterøy museum i samarbeid med Vener av Mjøsvågen. I januar 2017 publiserte han opptaka på Youtube.com: Søk på «KulturminneHOSANGER».

Den 8.12.2016 var **Lars Mjøs** invitert som **forteljar på forteljarkveld på Osterøy museum**. Temaet var: «Liv og røre rundt Mjøsvågen».

Jon Suul, som no er pensjonist, har teke kontakt med Osterøy museum som har formidla kontakt med oss. Han skriv eit større verk om handverk nordafjells. Han vil m.a. skrive om påverknad/samspele med omverda -det vestenfjelske - og har valt seg ut **Ostrakister** som døme. Og her står Mjøsvågen sentralt. Jon Suul har vore assisterande riksantikvar og direktør for Norsk kulturminnefond. Han har vore på besøk i Mjøsvågen og både han og me har fått ny kunnskap. Den 24.10.2017 hadde me eit svært vellukka Ostrakiste-kollokvium i Mjøsvågen kafe med 15 deltakarar; både fagfolk og «lekfolk» og me fekk ny kunnskap om Ostrakister; også i ein større samanheng. Det var stor interesse for å halde fram med eit seminar hausten 2018. Ein av deltakarane var Nils Georg Brekke som er i styret for Arild Håland sin vernepris. Han sa seg svært nøgd med alt det flotte Vener av Mjøsvågen har fått til etter at me fekk verneprisen i 2005.

Og så er det veldig kjekt at Else Karin og Lars Magne Bysheim har kjøpt og er i gang med spennande prosjekt i **møbelfabrikken inst i vågen**.

NåDa er eit nasjonalt prosjekt i regi av Norske kunstforeningar, der 10 kunstforeningar/ -lag i Norge er plukka ut til å delta. **Osterøy kunstlag** er åleine i Hordaland som deltek og har fått tilsegn om kr 100.000 til eit forprosjekt. Norske kunstforeningar får stønad frå Sparebankstiftelsen DNB til prosjektet.

NåDa er eit prosjekt der ungdom, biletkunstnarar og kunstforeningar, gjennom å arbeida med samtidskunst, skal reaktivera lokale kulturminne.

Osterøy kunstlag ynskjer at samtidskunst og dei lokale kulturminna i Mjøsvågen saman skal danna ei plattform for refleksjonar rundt historie, stad og identitet, samfunn og kultur.

Ved å velje kulturminne som har aktuell problemstilling for vår tid vil kunstlaget til hovudprosjektet ta utgangspunkt i «Amerikakofferten», ei form for kiste som vart produsert i kisteverkstadane i Mjøsvågen i siste del av 1800-talet. Dei fleste som utvandra til Amerika, hadde med seg denne kofferten med sine kjæraste minne frå heimlandet oppi. Dette var i ei tid då me i Norge var så fattige at ein tredjedel av befolkninga utvandra til Amerika for å få eit betre liv der.

Dette temaet er svært aktuelt i våre dagar med notidas flyktingestraum og innvandring.

Kunstnaren kunstlaget har valt til hovudprosjektet er Shwan Dler Qaradaki. Sjå meir på: <http://www.kom-an.no/gallerimjosvagen/naada/>

Vener av Mjøsvågen var medlem i **Bergen reiselivslag**, men me melde oss ut i 2015 grunna at laget sine inntekter ikkje kunne forsvare eit slikt medlemskap.

Vener av Mjøsvågen er medlem i **Osterøy reiselivslag**. I 2017 har reiselivslaget teke initiativ til tiltak for auka aktivitet ved Mjøsvågen. Det har m.a. vore møte med **Ta fjorden tilbake AS** som arbeider for ein båtrote Bergen-Mo med stopp ved fleire av plassane der rutebåten tidlegare gjekk innom. Vener av Mjøsvågen følgjer opp dette arbeidet med sikte på å gjere det attraktivt for båten å gå innom Hosanger på både tur og retur.

Omlegging av fylkesvegen

Arbeidet med omlegging av fylkesveg 567 gjennom bygda vart fullført sommaren 2016. Statens vegvesen lyste ut oppstart av omregulering, men valte etter kvart å leggje dette til sides og baserte vegomlegginga på reguleringsplanen frå 2001. Det har difor ikkje vore noko høyring om vegarbeidet i meldingsperioden.

Strandsoneplan

Osterøy kommune har i fleire år arbeidd med ein strandsoneplan. Både grendarådet, organisasjonar og private har gitt innspel til planarbeidet. Fleire av desse handlar om tilgang til areal ved Mjøsvågen og moglegheit for å

ferdast på land rundt Mjøsvågen. Vener av Mjøsvågen har ikkje gitt nokon uttale, men ser positivt på tiltak for tilgang og rundløype rundt Mjøsvågen.

Bergen og omland friluftsråd

Osterøy kommune er blitt medlem i friluftsrådet som m.a. har overteke forvaltninga av badeplassen og strandsona ved kyrkja. Me har høyrte at friluftsrådet vil byggje toalettanlegg i tilknytning til badeplassen på Sperrneset og vil opparbeide betre tilgjenge og legge til rette for friluftsbuk av Prestaholmen. Dette er veldig positivt.

Detaljregulering Refsneset

I samband med omlegging av fylkesvegen og den store skjeringa nedst i Hoshovdelia, var det store overskottsmassar. Grunneigaren fekk avtale om at overskottsmassar vart nytta til opparbeiding av avkøyrsløp til Refsneset i tråd med reguleringsplanen. Grunneigaren har hatt ein omfattande dialog med kommunen når det gjeld kva tiltak som kan gjennomførast i området og kva plankrav som gjeld.

Vener av Mjøsvågen har med Lars Mjøs som redaktør publisert våre tilbud/aktivitetar på **mjosvågen.no**. Galleri Mjøsvågen er presentert både på **gallerimjosvagen.no** og på Facebook (**@gallerimjosvagen**). For Mjøsvågen kafe-tilboda har Facebook vore aktivt nytta (**@mjosvaagenkafe**).

Økonomi

Pr 12.10.2007 ha Vener av Mjøsvågen kr 116.080,26 på konto. Kr 22.000 av dette skal betalast til Mjøsdaalen idrettslag. Til kafedrifta sommaren 2017 kjem det nokre fleire utgifter; truleg kring kr 4.000. Halvparten av overskottet på ca kr 58.000; altså ca kr 29.000 skal betalast til Osterøy kunstlag. Når næringsssoga med Osterøy sogelag som utgjevar er gått i trykken, vil me be om utbetaling frå Hordaland fylkeskommune av dei innvilga kr 45.000. Vener av Mjøsvågen har difor ein tilfredsstillande økonomi.

Styret har vore sidan 7.4.2014 vore slik samansett:

Lars Mjøs, styreleiar

Bente Holmedal, nestleiar

Veslemøy Gullachsen, skrivar

Kjell Mjøs

Inge Rune Fanebust

Varamedlemer:

Mette Rude

Kari L Mjøs

Aslaug Lønsethagen med Else Røsland som reserve

Aslaug Lønsethagen er kasserar. Lars Mjøs har ført rekneskapen.

Lars Magne Bysheim, revisor

Det har ikkje vore ordinære styremøte i meldingsperioden. Fleire prosjekt og tiltak har vore styrte av eigne grupper. Styret har undervegs blitt orientert og involvert gjennom epostar, samtalar og ulike møte.